

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Sunnfast - Søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt - Overslag ferjeavløysingmidlar

Kommunane Kvinnherad, Tysnes og Stord har fått utarbeide eit moglegheitsstudie for eit vegsamband mellom Tysnes og Kvinnherad via Huglo i Stord kommune. Sambandet vil gå mellom Opsangervegen via mogleg kryss ved Rørvikvegen ved Husnes i Kvinnherad kommune og fv 5076 i Tysnes kommune nordaust for Hodnanes ferjekai. Sambandet er meint å erstatte ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane mellom Stord og Kvinnherad kommune, samt den delen av ferjesambandet Hodnanes-Jektevik-Nord Huglo som går til Nord-Huglo. Prosjektet føreset bygging av E39 Stord-Os (Hordfast).

Moglegheitsstudie for sambandet er utarbeida av Multiconsult. Den ligg på <https://sunnfast.no/wp-content/uploads/2020/10/10218117-TVF-RAP-001.pdf>

For å kunne vurdere moglegheita for finansiering av prosjektet, ber Vestland fylkeskommune etter oppmoding frå kommunane om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt, og at det blir gitt eit førebels anslag for ferjeavløysingsmidlar. Vi vil be om at overslaget reknast ut i frå alternativ 1 A. Denne er vist i figuren under



Prosjektet er kalkulert til 6,6 mrd. 2019-kroner. ÅDT er rekna til 5270 utan bompengar, og 3720 med bompengar.

Det er lagt opp til tre større bruer;

- Bru over Husnesfjorden mellom Kvinnherad og Huglo er skissert som delvis skråstagsbru, flytebru og viadukt.
- Bru over Laukhammarsundet mellomøyene Huglo i Stord kommune og Skorpo i Tysnes kommune som fritt-fram-bru.
- Skråstagsbru over Skjeleviksundet mellom Skorpo og Tysnesøy. Skorpo er i dag landfast med Tysnesøy via ein kommunal veg. Ny bru vil difor ikkje føre til ferjeavløysing for Skorpo, men det er ikkje vurdert føremålstensleg å bruke den kommunale vegen. Det er ikkje lagt opp til påkobling til den kommunale vegen på Skorpo.

Alternativet har følgjande vegelement:

| Vegtype/vegelement     | Lengde i meter     | Vegstandard                | Brutype/tal tunnelløp               |
|------------------------|--------------------|----------------------------|-------------------------------------|
| Veg i dagen            | 4800               | H1                         |                                     |
| Veg i sjøfylling       | Uaktuell           |                            |                                     |
| Bru 1 Husnesfjorden    | 2520<br>780<br>210 | 2-felt<br>2-felt<br>2-felt | Flytebru<br>Skråstagsbru<br>Viadukt |
| Bru 2 Laukhammarsundet | 670                | 2-felt                     | Fritt-fram-bru                      |
| Bru 3 Skjeleviksundet  | 800                | 2-felt                     | Skråstag                            |
| Tunnel (landtunnel)    | 250<br>1000<br>700 | T 9,5<br>T 9,5<br>T 9,5    | Kvinnherad<br>Skorpo<br>Huglo       |
| Undersjøisk tunnel     | Uaktuell           |                            |                                     |
| <b>Sum ny veg</b>      | <b>11 730</b>      |                            |                                     |

Vi gjer merksam på at total lengde for heile veganlegget er rekna til 13 330 meter. Då det er vurdert å vere mogleg med kryss ved Rørvikvegen, er strekninga mellom dette krysset og Opsangervegen trekt i frå i tabellen ovanfor. Denne delstrekninga er ikkje naudsynt for ferjeavløysinga, men inngår i det totale planlagde vegsystemet.

Vi gjer merksam på at det tidlegare er søkt om ferjeavløysing for den delen av sambandet Jektevik - Hodnanes-Nord-Huglo som trafikkerer Nord-Huglo. Sunnfast-traseen vil vere ein alternativ ferjeavløysing for Huglo.

Med helsing

Dina Lefdal  
fylkesdirektør infrastruktur og veg

Matti Torgersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*

#### Mottakarliste

Kommunal- og moderniseringsdepartementet      Postboks 8112 Dep 0032 OSLO  
 Samferdselsdepartementet      Postboks 8010 Dep 0030 OSLO

Kopi til:  
 Statens vegvesen  
 Tysnes kommune  
 Kvinnherad kommune  
 Stord kommune

